

Referat frå Samarbeidsutvalet ved Ulveset skule

Tysdag 11.04.19 kl. 18.00-20.00

Til stades SU:

Cecilie Mangerøy: FAU-leiar

Grethe Olsen Sagvåg: SU-representant lærar

Nina Gregersen, lærarrepresentant

Giske Kjeilen Moss: SU-representant andre tilsette

Mathilde Sandvik: Elevrådsrepresentant

Marte Brommeland: Elevrådsleiar

Marte Tveten: Elevrådsleiar

Kjetil Nordås: Rektor

Fråvær SU:

Trine Helen Solberg: FAU-representant

Steinar M Heggen: Politisk representant

SMU:

leiar Anja Ulveseth Heggen (vara for Trine i dag)

1) Godkjenning av agandaen og referat frå 11.04.19.

Referat godkjend med endring (skrivefeilar)

2) Saker frå SMU:

Radioator / vatn i gymbygget

Radiator tek inn fukt og sluttar å verke. Har vore kaldt i enkelte klasserom (over gymsalen).

Kjem til å gå fint i vår, men når hausten og vinteren kjem, bør det vere på plass ei endring.

Kalde dusjar i gymgarderobane. Har med fyring og avstand å gjere.

Rektor har sendt avviksmelding til eigedom ang. vatn i dusjane i gymbygget.

Trafikksituasjonen:

Statens Vegvesen var ute på befaring ein morgen i veke 14. Kompleks sak i forhold til trafikkbildet. Ulike veger inn i krysset. Repr. Frå Statens vegvesen fortel at andre tryggingstiltak enn fotgjengarfelt vil vere aktuelt for dei, som godt oversyn og betre lysforhold. Ein opplevde møtet som positivt, og at SV er meir interessert i å sjå på situasjonen. Eit tiltak som alt er gjennomført, er trefelling på eigdommen rundt. Rekkverket er på plass.

3) Rektor informerer:

Kartleggingsprøvar:

Gjennomført i norsk, matematikk og engelsk på heile mellomtrinnet. Ein støtte i vurdering og differensiering av eleven. Skulen vurderer kva elevar skal bli fritatt frå desse prøvane. Eit par av elevane som i år tok dei, burde vore fritekne. Elevane skal ha utbyte av prøvane.

Foreldremøte:

Positive tilbakemeldingar på at foreldre blir utfordra på foreldremøta. Foreldrene fortel at refleksjonsprosessane med andre foreldre er svært nyttig. Positive tilbakemeldingar frå foreldremøtet for dei kommande 1.klassane.

Utviklingssamtalar

Torill og Kjetil hadde ei gjennomgang på fellestida for lærarane ang. elevstyrt utviklingssamtalar. Vi vil ha elevane meir aktiv i utv.samtalane, der dei får presentere kva dei er god på, og foreldra for sjå eleven i ein ny situasjon. Det er viktig at elevane vert ansvarleggjorte og at dei får meistringsopplevelingar.

Status elevmiljø og 9A

Psykososialt team ble oppretta i desember. Då var det 16 saker, Fleire saker i januar. Ale saker som har blitt avslutta har skjedd med semje mellom skule og heim. Pr dags dato har vi 7 opne saker.
Språkbruk i friminutta treng vi framleis jobbe med.

Status leiing- og lærarkabalen

Terje er sjukmeldt og Ingrid er no avdelingsleiar i denne sjukemeldingsperioden. Ho er og ein del av det psykososiale teamet og jobbar inn mot Mestringsarenaen som vi har på skulen. IKT: Skulen har fått ein person (Heyder) som arbeider med IKT i ei 20% stilling.
Rektor, avdelingsleiar og tillitsvald jobbar no med lærarstillingane neste år.

Utviklingsarbeid

Elevmiljø er framleis fokus, og har vore det sidan i desember. I tillegg jobbar lærarane på fellestida med prosessar knytt til den nye læreplanen og djupare læring. Mellom fellestidene forskar lærarane på eigen praksis, for å bli fantastiske på det ein jobbar med.

Alternativ opplæringsarena (meistringsarena)

Har hatt ein enorm effekt på dei elevane som deltek der, og på totalsituasjonen. Kvar elev har eigne mål og egne planar. Fokuset er på meistring, aktivitet og åtferdsregulering. Miljøterapeut Beate skal starte opp med grupe i sosial trening på basen, der nokre av elevane får øvd seg saman med andre. Rektor vil stå på for å behalde og vidareutvikle meistringsarenaen neste år. SU får omvisning på basen på slutten av møtet.

4) Elevrådet informerer

Elevane informerer om varme rør ved inngangen i gymbygget. Rektor tar saken vidare med vaktmeister.

Ting vi ynskjer:

Kantine. Rektor seier at så lenge dette er eit arbeid som settes i gang av elevrådet. De må jobbe aktiv for å få inn midler, varer etc før dette kan starte.

Nytt TL-utstyr. Søknad må sendast til FAU.

Kanonballturnering – cup.

Rektor blir invitert til neste elevrådsmøte.

Hvordan går det med kunstgresset på fotballbanen. Rektor venter på en invitasjon ang. temaet. Syner til mail.

Kva må skulen jobba meir med?

Zeroveggen byter namn til VI-veggen. Vi skal ha teiknekonkurranse blant elevane til logo for læringsmiljøet ved skulen.

Venterom for elevar om morgenen er under planlegging.

Kva har elevrådet/skulen fått til?

Musikk i friminutta.

Bossplukking til 17.mai.

Vestar bestilles til miljøpratuljen.

5) Saker frå FAU

Ingen saker frå FAU (FAU-møte er ikkje blitt halde)

6) Timeplanlegging neste år:

Dei tilsette har ynskt seg arbeidsoppgåver for neste skuleår, og leinga, sammen med tillitsvalde, har fleire møte der dei går gjennom skuleåret, ser på ressurstildelinga og forsøkjer å legge ein timeplan som er til det beste for elevane.

7) Innspel frå SU til arbeidet med læringsmiljøplan:

- Ingen innspel frå FAU (FAU-møte er ikkje blitt halde)

Eventuelt:

Skuleruta 2019/2020:

Rektor informerer om ei endring skulen ønsker å gjøre i forhold til den kommunale skuleruta. I den kommunale skuleruta er 31.januar og 5.juni. Skulen ønsker å flytte 5.juni til 31.januar, då skulen ønsker å reise på studietur, med fagleg innhald. SU støtter forslaget.

Dette var siste møte før ferien. God sommar!

Referent:

Nina Gregersen, SU-representant læar.